

KOMMISJONSFORORDNING (EU) nr. 514/2010

2016/EØS/8/23

av 15. juni 2010

om godkjenning av *Pediococcus pentosaceus* (DSM 16244) som tilsetjingsstoff i fôrvarer for alle dyrearter(*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1831/2003 av 22. september 2003 om tilsetningsstoffer i fôrvarer⁽¹⁾, særleg artikkel 9 nr. 2, og

ut frå desse synsmåtarne:

- 1) Forordning (EF) nr. 1831/2003 inneheld føresegner om godkjenning av tilsetjingsstoff i fôrvarer og om vilkår og framgangsmåtar for å gje slik godkjenning.
- 2) I samsvar med artikkel 7 i forordning (EF) nr. 1831/2003 er det sendt inn søknad om godkjenning av det preparatet som er ført opp i vedlegget til denne forordninga. Saman med søknaden var òg dei opplysningane og dokumenta sende inn som krevst i medhald av artikkel 7 nr. 3 i forordning (EF) nr. 1831/2003.
- 3) Søknaden gjeld godkjenning i kategorien «teknologiske tilsetjingsstoff» av *Pediococcus pentosaceus* (DSM 16244) som tilsetjingsstoff i fôrvarer for alle dyrearter.
- 4) I fråsegna si av 3. februar 2010⁽²⁾ slo Den europeiske styresmakta for næringsmiddeltryggleik (heretter kalla «Styresmakta») fast at *Pediococcus pentosaceus* (DSM 16244) ikkje har nokon skadeverknad på dyrehelsa,

menneskehelsa eller miljøet, og at dette preparatet vert rekna for å kunne betre produksjonen av ensilasje. Styresmakta reknar ikkje at det er naudsynt med særlege krav om overvaking etter marknadsføring. Ho stadfesta dessutan den rapporten om metoden for analyse av tilsetjingsstoffet i fôrvarer som er lagd fram av referanselaboratoriet til Fellesskapet, som vart skipa ved forordning (EF) nr. 1831/2003.

- 5) Vurderinga av *Pediococcus pentosaceus* (DSM 16244) viser at vilkåra for godkjenning, som er fastsette i artikkel 5 i forordning (EF) nr. 1831/2003, er oppfylte. Bruken av dette tilsetjingsstoffet bør difor godkjennast slik det er fastlagt i vedlegget til denne forordninga.
- 6) Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

Artikkel 1

Preparatet som er ført opp i vedlegget og tilhøyrrer kategorien «teknologiske tilsetjingsstoff» og funksjonsgruppa «tilsetjingsstoff i ensilasje», vert godkjent som tilsetjingsstoff i fôrvarer på dei vilkåra som er fastsette i vedlegget.

Artikkel 2

Denne forordninga tek til å gjelde 20. dagen etter at ho er kunnngjord i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 15. juni 2010.

For Kommisjonen

José Manuel BARROSO

President

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunnngjord i EUT L 150 av 16.6.2010, s. 42, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 111/2011 av 21. oktober 2011 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 70 av 22.12.2011, s. 1.

⁽¹⁾ TEU L 268 av 18.10.2003, s. 29.

⁽²⁾ The *EFSA Journal* 2010; 8(2):1502.

VEDEGG

Identifikasjonsnummeret til tilsetjingsstoffet	Namnet til innehavaren av godkjenninga	Tilsetjingsstoff	Samansetnad, kjemisk formel, forklaring, analysemetode	Dyreart eller dyregruppe	Høgste alder	Lågaste innhald	Høgste innhald	Andre føresegner	Godkjennings gjeldinntil
						KDE/kg	organisk stoff		
Kategori: teknologiske tilsetjingsstoff. Funksjonsgruppe: tilsetjingsstoff i ensilasje									
1k2101	—	<i>Pediacoccus pentosaceus</i> (DSM 16244)	Samansetnaden til tilsetjingsstoffet: Preparat av <i>Pediacoccus pentosaceus</i> (DSM 16244) som inneheld minst 4×10^{11} KDE/g tilsetjingsstoff Karakteristikk av det aktive stoffet: <i>Pediacoccus pentosaceus</i> (DSM 16244) Analysemetode(1) Teljing: platespreiingsmetoden med bruk av MRS-agar ved 37 °C (EN15786:2009). Identifikasjon: pulsfelt-gelelektroforese (PFGE).	Alle dyreartar	—	—	—	1. Bruksrettleinga for tilsetjingsstoffet og premiksen inneheld opplysningar om lagringstemperatur og lagringstid. 2. Når tilsetjingsstoffet vert nytta alei- ne, er lågaste dose: 1×10^8 KDE/kg organisk stoff. 3. Tryggleikstillak: pustevern og hansk- skar bør nyttast under handsaminga.	6. juli 2020

(1) Nærmare opplysningar om analysemetodane er å finne på nettsida til referanselaboratoriet til Fellesskapet: www.irmm.jrc.ec.europa.eu/crl-feed-additives